

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 231	15/2783

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
82/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2016 (plan- og bygningslov, matrikkellov, eigarseksjonslov, ureiningslov, jordlov mm)

Vedlegg:

Gebyr 2016 plan byggesak oppmåling mm

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gjeldande gebyrmal vart innført i 2014 etter eit samarbeid i regionen. I 2015 er malen blitt evaluert, slik at det er gjort mindre justeringar i teksten. Førehandskonferanse i plansak er innført (7.1.1), og gebyr for kommunen sitt arbeid med å rette opp innkomne planforslag er innført (7.2.4 – 6 og 7.3.4 – 5). To nye arealkategoriar er innført på byggesak (10.2.0 og 10.2.7). I tillegg har innløyasing av festetomter fått eige punkt (13.3). Det er elles gjort korrigeringar i lovheimlar i tråd med lovendringar.

Kommunen nyttar ikkje alle punkta i regulativet, men teksten og oppbygginga skal vere felles for region Nordhordland. I Meland er t.d. innløyasing av festetomter sjeldan aktuelt. Felles regulativ skal gjere det enklare for dei ulike aktørane innan plan, byggesak og oppmåling å finne ut kva for reglar som gjeld, uavhengig av kommune.

Når det gjeld betalingssatsane, vil dei variere frå kommune til kommune. Nokre veljer å ikkje drive til sjølvkost, medan andre veljer å drive til full sjølvkost innan byggesak. Innan plan og oppmåling er det ikkje høve til å drive til sjølvkost.

Admnsitrasjonen har lagt til grunn ein generell prisauke på 3%, runda av til næraste 100 kr. Nokre satsar er likevel auka meir, etter ein gjennomgang av sakstypar og arbeidsomfang:

- Pkt 9.1.4, dispensasjonar frå plankrav eller rekkefølgekrav
- Basisgebyr byggesak , heile pkt 10.2 (profesjonelle søkjarar)
- Basisgebyr byggesak pkt 10.3.1 (tiltakshavar kan sjølv søkje)
- Delingssøknader i pkt 11.1.2 (vanlege delingssøknader)
- Pkt 12.1.2, vedtak med pålegg om retting eller stans, ulovlege tiltak

Vurdering

For Meland sin del har det ikkje vore mogeleg å drive byggesaksbehandling til sjølvkost i 2014 og 2015. Det skuldast redusert aktivitet etter Walde-konkursen ein periode, og endringar i lovverket; fleire tiltak treng ikkje lenger søkjast om. Administrasjonen reknar med at kommunen dermed får betre kapasitet til å drive tilsyn og følgje opp ulovlege byggesaker. Førrebeles manglar vi erfaring til å kunna slå fast korleis dette påverker gebyrinntektene. Gebyrsatsane skal stå i forhold til arbeidsmengden for sakstypen, og der er det som nemnt gjort ein gjennomgang av regulativet. Når det gjeld søknader der det ikkje er krav til ansvarleg søker, er det dei meir omfattande eller kompliserte sakene det no skal søkjast om. Det er derfor rimeleg å auke satsane noko på det området, det rammer ikkje dei enkle sakene som betyr mest for folk flest.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Ikkje relevant for denne saka

Økonomi: Gebyrregulativet er rekna ut i høve til at budsjettet for tenesteområdet skal gå i balanse.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at gebyr for tekniske forvaltningstenester vert auka med i snitt 3%, med unntak for enkelte sakstypar som får større auke, jf saksutgreiing og vedlegg.

Før regulativet vert endeleg godkjent, skal det kunngjerast (som høyring) med heimel i forvaltningslova § 37.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2016, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»

Utval for drift og utvikling - 82/2015

UDU - behandling:

UDU - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2016, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»